

KYRKJELYDSBLAD FOR ITNEDAL

# KYRKJE-VARDEN

Nr. 2

Sommaren 2019

51. årgang





# DEN NORSKE KYRKJA

## KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



### KYRKJEVERJE

Marie Bjørnødegård  
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011  
E-post: mb836@kyrkja.no  
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og fredag 09 - 15



### SOKNEPREST

Marit Slettum  
tlf. 913 93 314  
E-post: ms638@kyrkja.no  
Inga fast kontortid, men er ofte innom  
Tlf. 61 12 13 22  
Opptake? Legg gjerne att beskjed  
Samtale? Ring og avtal tid  
Måndag er prestens fridag



### ORGANIST

Serhiy Bykov  
tlf. 90 21 29 45  
E-post: sb742@kyrkja.no



### TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDAR

Helena Wright  
tlf. 951 78 041  
E-post: helenals.wright@gmail.com



### KYRKJELYDSARBEIDAR

Ellen Oddveig Rudi  
tlf. 948 65 195  
E-post: er623@kirken.no



### SAKSBEHANDLAR

Linda Mæhlum Robøle  
tlf. 957 64 900  
E-post: lr895@kyrkja.no



### KYRKJETENAR

Nils Kjell Nilsen  
Tlf. 918 22 336  
E-post: mn934@kyrkja.no

## KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune,  
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal  
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

## DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



### BRUFLAT SOKNERÅD

Kjell Fjeld, leiar  
tlf. 404 04 820  
E-post: kjell@fjellsbygda.no



### N. ETNEDAL SOKNERÅD

Klara Månum, leiar  
tlf. 909 44 332  
E-post:  
klarathon.manum@giensidige.no



### ETNEDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD

Ole Bergene, leiar  
tlf. 950 89 360  
E-post: Ole.bergene@hotmail.com

## KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal  
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal  
Redaktør: Marit Slettum  
Fast medarb.: Ingun Kompen

### Ekspedisjon:

Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

### Bladpengar:

Kr. 200,- eller meir for året  
Til adresse utanom Etnedal: kr. 250,-  
Bankgiro: 2140 20 14188

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

# Oppslagstavla



## Bibelordet:

Jesus i Johannes ev. kap. 14, vers 3  
 «Eg er vegen, sanninga og livet.  
 Ingen kjem til Far utan gjennom meg.»

## Sommaropen kyrkje

Bruflat kyrkje er sommaropen  
 2. juli – 11. august  
 tysdag-søndag kl. 11-15



## God sommar!

**Forsidefoto:**  
 Resesjonen ved konfirmasjonsgudstenesta  
 i Bruflat kyrkje

Håvard Telstø ber krossen.  
 Foto: Ingun Kompen

## SOMMERKONSERTAR

ved organist Serhiy Bykov

Foto: Ingun Kompen

Fredag 5. juli  
 Fredag 12. juli  
 Fredag 19. juli  
**Alle dagar kl. 1130 – 1200**



## Soknepresten – sommarferie

Marit prest har sommarferie  
 1.-21. juli og 5.-11.august.

Kyrkjekontoret har oversikt over  
 kven som er vikar. (tlf. 61 12 13 20)

## Kyrkjevarden

Saman med denne utgåva av Kyrkjevarden ligg  
 blanketten fleire har etterspurt.

Takk til alle som trufast betalar for å få  
 Kyrkjevarden i postkassa, og til dykk som gjev  
 milde gåver i tillegg.

For innanbygds buande er abonnementsavgifta  
 kr. 200.

Utanbygds, m/portoutgifter kr. 250.

Samstundes vil eg takke alle frivillige, som  
 ved kvar einaste utgjeving legg Kyrkjevarden  
 i postkassene her i dalen, de er gull verdt! Det  
 sparar oss for mange tusen kroner kvart år.

Kontonr. – Kyrkjevarden: 2140.20.14188

Marit Slettum  
 Redaktør



# Oppgåva til Anden

Av Ivar Gjerdi, diakon,  
pensjonist og tidl. generalsekretær

**Pinsedag, søndag 9. juni 2019**

Preiketekst: Johannes 14, 23- 29

*Jesus svara: «Den som elskar meg, held fast på ordet mitt. Og den som elskar meg, skal Far min elsa, og vi skal koma og ta bustad hos han. Den som ikkje elskar meg, held ikkje fast på orda mine. Og ordet de hører, er ikkje frå meg, men frå Far, han som har sendt meg. Dette har eg sagt dykk medan eg enno er hos dykk. Men Talsmannen, Den heilage ande, som Far skal senda i mitt namn, han skal læra dykk alt og minna dykk på alt det eg har sagt dykk. Fred etterlét eg dykk, min fred gjev eg dykk. Eg gjev dykk ikkje fred på same måten som verda gjer det. Lat ikkje hjartet dykkar uroast, og ver ikkje motlause! De hørde at eg sa: Eg går bort, og eg kjem til dykk att. Elska de meg, så gledde de dykk over at eg går til Far, for Far er større enn eg. No har eg sagt dykk dette før det hender; så de skal tru når det hender.*

Høgtida til Anden skal igjen feirast. Pisen, fødselsdagen til Kyrkja, er den store Kristus-festen i kyrkjeåret. Det var først ved Anden sitt komme at Jesu Kristi kyrkje kunne konstituerast. Anden kastar lyset sitt over Jesus Kristus og gjer han stor og herleg i blant oss.

Den heilage ande må vera det sentrale i den kristne tru og teneste. Gjerninga til Anden er å vekka trua på Jesus Kristus, og verka i oss slik at den blir grunnfesta og sterkt.

«Alle som vert drivne av Guds Ande, dei er Guds born. ... Nei, det var Barnekårsanden de fekk, som gjer at vi ropar: «Abba, Far!» Anden sjølv vitnar med vår ånd at vi er Guds born. Rom. 8.

Jesus seier i teksten til pinsedagen at han har ein fred å gi som er heilt annleis enn den verda kan gi. Han er full av brest og slett ikkje til å stola på alltid.

Jesus har tidlegare talt om si liding, død og oppstode og ikkje minst har han overfor disiplane føresagt at han Den heilage ande skulle komma til jorda, for å ta bustad i dei truande og vera talsmannen og forsvararen deira.

Anden skal minna om alt det Jesus har sagt og gjort. Den fred som Jesus gir, er fred med Gud. Denne freden er ein tilstand der alt skjer i samsvar med Guds vilje. Å ha Guds fred betyr å ha komme i eit rett forhold til Gud. Vi kan få kvila i vissa om at vi er Guds barn. Freden i verda kan aldri gi fullkommen ro og harmoni. Han kan nok gi ei flyktig kjensle av fred. Men Guds tilgiving og fred er fullkommen. Kristi fred er ei sann verkelegheit som har grunnlaget sitt i Jesu forsoningsverk på korset, der han tok all vår skuld og straff på seg.

«Han er vår fred». Ef. 2,14. Det er den største og viktigaste gåve som Gud vil og kan gi oss. Jesus minner også om viktigeita av å halda fast ved orda hans. Den heilage ande verkar først og fremst gjennom Guds ord. Derfor må vi lesa, bruka og leva i Ordet.

«Ånd fra himlen, kom med nåde, Kom med liv og lys her ned! La din guddomsmakt nå ráde, Gjør oss vis til salighet! Livets ord må du forklare Så det virker hva du vil! La oss her dets kraft erfare, Fyll vår sjel med hellig ild!» Elevine Heede (1879)



# 17. mai feiringa på Bruflat

8. klasse og 8.klasse-foreldrar, Bruflat musikklag og ein stor flokk andre aktørar gjorde nasjonalfeiringa til ein strålende og minnerik dag.

Etter lokale markeringar på Tonsåsen, i Sør-Etnedal og ved Nord-Etnedal kyrkje, starta det offisielle programmet på Bruflat. Det var sang på Etnedalsheimen, koralspel frå tårnet i Bruflat kyrkje, gudsteneste og kransenedlegging ved dei historiske bautaene ved kyrkja.

Eidsvollsmedlemmene var også i kyrkja - før dei skreiv grunnloven vår.

Ein av skysskarane, som køyrdet til kyrkje, blir siert på fylgjande ; "Hugs; Gud er attåt". Den same innskifta står på bautasteinen utanfor Bruflat kyrkje.



*Bruflat musikklag i spissen for morgonglade i tog i Sør-Etnedal. Etter toget vart musikantane servert frokost på klubbhuset på Mosletta.*



*Frå gudstenesta i Bruflat kyrkje der Bruflat sangkor var med, saman med konfirman-tane.  
Bilde:  
Serhiy Bykov*



*Barn og vaksne  
frå Eventyrsko-  
gen barnehage i  
17. mai-toget.  
Bilde: Ingun  
Kompen*

# Feirar ortodoks pinse omkransa av ikon

**Pinse er meir enn ein spesialitet for pinsevener. Høgtida er òg viktig på stader der dei fleste aldri set føten sin.**

Av: Stein Gudvangen, KPK – stein@kpk.no

Hellige Trifons kloster er ein slik stad, langt til skogs og skjerma bak store grantrær i Skrukkelia i Hurdal. Her bur og arbeider munkeprestane fader Johannes og fader Serafim.

Dette er ei verd som er framand for det store fleirtalet. Når ein kjem inn bak smijernsporten, er det som å tre inn i eit stikkje Russland på Austlandet. Fader Johannes leiar oss med på vandring i bygningane til klosteret – og inn i den ortodokse trosverden.

## Pinsa viktigast

I den dunkle klosterkyrkja brenn det bivokslys. Rommet er rikt utsmykka med måleri på vegger og i tak, og bilde er langt meir enn pynt. Fader Johannes invier oss i den ortodokse pinsefeiringa, og påpeikar først at påskan nok er den mest sentrale høgtida i ortodokse kristne sitt fromheitsliv. Det betyr likevel ikkje at pinsa hamnar i nokon påskeskugge. Tvert om.

– Pinsa er kanskje eigentleg den viktigaste hendinga for oss menneske. Det var den som knyta oss til Gud og til Kristi frelseverk og som lovar oss frelsa hos Gud. Pinsa er eit slags punkt der alt møtest, der alt får sin realisering, seier fader Johannes.

– På kva for ein måte?

– Utan pinsa hadde Kristi frelseverk berre vore noko som skjedde for 2000 år sidan. Heilagandens komme er Gud som tar bustad midt i blant oss og i oss. Utan dette er trua berre ei form for ideologi som kunne vera oppmuntrande og eggande og gi rettleiing for eit godt liv for individ og samfunn. Pinsa gjer frelseverket til noko som gjeld oss som einskildmenneske, seier han til Kristelig Pressekontor.

## Ikona og pinsa

Ikon er uløyseleg forbunde med ortodoks tru, og dei heng nøye saman med pinsa.

– Ikona er bilet av dei heilage, og vi har ei sky av vitne rundt oss, seier fader Johannes med tilvising til Hebrearbrevet 12.

– Vi trur at Gud vart menneske i Jesus Kristus. Før Kristus var det umogleg å framstella Gud biletleg,

men han sa at «Han som har sett meg, har sett Faderen». Ikonkunsten framstiller det same i form og fargar som evangelia seier i ord og i skrift. Ikona er ikkje berre pene bilete av menneske som levde ein gong, ikkje berre illustrasjonar, men dei visualiserer det åndelege nærværet som vi står i, seier han.

I den forstanden er det pinse heile året i kyrkjerommet i Skrukkelia.

– Det viktigaste uttrykket for Anden og pinsa blant oss, det er helgenane. Dette er menneske som har late Anden bli så dominante i liva sine at dei har vorte førebilete for oss. Det finst ingen heilage viss det ikkje finst ein heilag ande. Vi blir ikkje heilage gjennom alle moglege gode gjerningar, men på grunn av Anden. Oppgåva vår er å la Anden utfolda seg i liva våre, seier fader Johannes.

## Totrinnsspinse

Hellige Nikolai ortodokse forsamling som fader Johannes leiar, feirar pinse noko forskjellige enn dei fleste kristne i Noreg. Den ortodokse kyrkja følgjer den julianske kalenderen, ikkje den gregorianske. Dermed feirar dei pinse ei veke seinare enn dei fleste av oss. 1. pinsedag blir markert Den heilage treeiningas dag, medan 2. pinsedag er Heilagandens dag. Den følgjande søndagen blir pinseveka avrunda med Allehelgensdagen.

– Vi feirar med festgudstenester som til dei andre høgtidene. Til pinse pyntar vi kyrkja med masse grønt, fordi heilaganden også kallast for livets ande. Alt liv er knytt til Guds heilage ande, det gjeld heile skaparverket. I nokre kyrkjer har dei masse blomstrar og nesten ein skog av grønt, og det er forferdeleg for astmatikarar og allergikarar, seier fader Johannes og ler.

## Pinsebakgrunn

Fader Johannes Johansen (68) ser ut som ein russisk munk, men har røter på Sørlandet. Oppveksten hadde han på Tyholmen i Arendal, og han vart barnedøypt som Rolf i Trefoldighetskyrkja. Først då han vart ortodoks prest, fekk han namnet Johannes.

Familien var medlemmer i Den norske kyrkje, men vandra vel så ofte på møte i Maran Ata. Det var stor stas og ståhei når Aage Samuelsen kom til byen, og pinseytringar som tungetale og hallelujarop var vanlege.

Unge Rolf hadde barnetrua med seg heile vegen og var med på møta, men fader Johannes vil ikkje seia at han som gut var på innsida av miljøet. Han var meir ein observatør. Frå han var 11 år deltok han i mange diskusjonar om trua i familien, men i tenåra las han seg fram til ei ortodoks tru, og i 1967 konverterte han til den ortodokse kyrkja.

– Du tok ikkje med deg nokon fascinasjon for det du så i pinsesamanheng?

– Nei, eigentleg ikkje. Eg heldt ein distanse, og eg såg på tungetalen som noko overspent, som eit psykologisk fenomen. Vi ortodokse trur ikkje på emosjonelle andedåpsopplevelingar, seier han og forklarer at andedåp ikkje er eit uttrykk ortodokse kristne brukar. Men Andens gåver trur dei på. Ifølgje ortodoks tradisjon får ein dei i salvinga like etter vatndåpen, som regel i spedbarnsalder.

– Eg kom etter eigen tenking og bibellesing fram til at trua måtte bygga på noko anna enn personleg smak og behag. Eg meinte at viss noko var verkeleg og sant, måtte det ha ein historisk kontinuitet tilbake til Jesus og disiplane, og den fann eg i den ortodokse kyrkja.

### Minnest dei levande

Han understrekar at sjølv om Anden er hovudpersonen i pinsa, står markeringa i ein samanheng: – Vi er liksom ikkje ferdige med Anden når pinseveka er over, seier han.

Så blir den ortodokse pinseveka avslutta med allehelgenssøndag.


– Og her er det ein stor skilnad på vestleg og ortodoks feiring. Når vi snakkar om alle helgenar, snakkar vi om dei levande, medan dei i vest snakkar om dei døde. Derfor går dei på kyrkjegarden og minnest dei døde. Men vi i austkyrkja minnest dei levande, helgenane, for i Kristus er det ingen døde, og dei heilage er dei som er i Kristus, forklarer fader Johannes. **KPK**



*KLOSTERPINSE: – Ikon er ikkje berre pene bilete av helgenar som levde ein gong, men visualiserer det andelege nærværet som vi står i, seier fader Johannes. Foto: Stein Gudvangen, KPK.*



*NÅDEGÅVER: – Vi ortodokse trur ikkje på emosjonelle andedåpsopplevelingar, men vi trur på Gåvene til Anden, seier fader Johannes Johansen. Foto: Stein Gudvangen, KPK.*



*AUSTLEG: Hellige Trifons kloster ligg langt til skogs og i Skrukkelia i Hurdal og står fram som eit stykke Russland på norsk jord. Foto: Stein Gudvangen, KPK.*

## Min salme

Jeg vil få takke Joachim Sveen for utfordringen.  
Jeg har valgt salmen “Deilig er jorden”.

Videre vil jeg utfordre Stian Brusveen til å finne sin favoritt salme.

Kristian Bergene

### Deilig er jorden

*Deilig er jorden,  
prektig er Guds himmel,  
skjønn er sjelenes pilgrimsgang.  
Gjennom de fagre riker på jorden  
går vi til paradis med sang.*

*Tider skal komme,  
tider skal henrulle,  
slekt skal følge slekters gang;  
aldri forstummer tonen fra himlen  
i sjelens glade pilgrimssang!*

*Englene sang den  
først for markens hyrder;  
skjønt fra sjel til sjel det lød:  
Fred over jorden! Menneske fryd deg.  
Oss er en evig frelser født!*

## Ønskediktet

Jeg får takke min gode venn Bjørn Mikael Espelien for utfordringa til å skrive diktspalta.  
Jeg valgte dette diktet No livnar det i lundar, da det minner meg på hvor trivelig det kan være når våren kommer etter den lange norske vinteren.

Jostein Bergene



**Tekst: Elias Blix (Salme, 1924)**

### No livnar det i lundar

*No livnar det i lundar;  
no lauvast det i li,  
den heile skapning stundar  
no fram til sumars tid.  
Det er vel fagre stunder  
når våren kjem her nord,  
og etter som eit under  
nytt liv av daude gror.  
Du vår med ljose dagar,  
med lengting, liv og song!  
Du spår at Gud oss lagar  
ein betre vår ein gong.*

Videre vil jeg gi utfordringa til min gode venn Henrik Kompen, som i likhet med meg setter pris på et godt dikt.



Kristian Bergene



Jostein Bergene

# KYRKJEGARDSDUGNAD

Foto: Nils Kjell Nilsen

Dugnadsarbeidet på Bruflat kyrkjegard 14. mai samla mange. Nokon kom tidleg på dagen, andre på æftan, og alle gjorde ein stor innsats. Dugnadsånden lever i beste velgåande.

Stor takk til kvar og ein som stilte opp.

Kyrkjetenar Nils Kjell hadde som vanleg gjort «grøvbarbeidet» med raking, frå grasklypparen med opp-

samlar, men det er mange krokar att inne på kyrkjegarden, og utanfor gjerdet trengst handmakt og rivehjelp.

## Og – frå Nord-Etnedal

Soknerådet i Nord- Etnedal kyrkje vil få takke den trufaste dugnadsgjengen, som trossa været og møtte opp på dugnaden i vår! Mykje vart gjort i regnet og mellom regnskurene, kaldt var det òg! Det vart fint både på kyrkjegarden og inne i kyrkja!



*Ein del av  
dugnadsarbeidarane  
samla til kafferast.*



*Det vart raka  
og rydda på  
heile kyrkjegarden.*

Info frå Hamar bispedømmekontor og kyrkjekontoret i Etnedal

## Kyrkjevalet 2019



*Arkivbilde: Leif Bergene, Kari Lundmoen og Solveig Skåren*

## To val i Kyrkja

Du kan stemme på kandidatar til sokneråda og til bispedømeråd og Kyrkjemøte.

Til soknerådsvalet i Etnedal har ein gjeng flotte medlemer sagt ja til å vere kandidatar til Bruflat og Nord-Etnedal sokneråd. Dei vil leie kyrkjelydane i fire år. Dette er eit fleirtalsval, der du har høve til å gje inntil tre kandidatar ei ekstrastemme. Kandidataane med flest stemmer blir med i rådet.

Ved val til Hamar bispedømeråd og Kyrkjemøtet

Her stiller Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste (valt av representantar frå kvart prosti) og Åpen folkekirke lister. Dette er eit forholdstalsval, der den endelege samansetjinga av rådet speglar både kor mange stemmer som gjekk til kvar enkelt liste og til kvar kandidat. Veljarane kan gje ekstra stemme til tre kandidatar og i tillegg flytta over inntil tre namn frå andre lister til den lista dei stemmer på.

Kvart av dei elleve bispedøma i landet vårt har eit bispedømeråd. Rådet tilset blant anna prestar og leier bispedømet saman med biskopen. Medlemene av bispedømerådet er også medlemer av Kyrkjemøtet, det øvste representative organet i Den norske kyrkje.

### Stad og tid

Valet er 8. og 9. september 2019

i Etnedalshallen for begge sokn:

**Sundag 8. september 2019 - kl. 13.00 – kl. 18.00**

**Måndag 9. september 2019 - kl. 11.00 – kl. 18.00**

Forehandsstemmegjeving for begge sokn vil vera på kyrkjekontoret:

**Måndagar og tysdagar kl. 10.00 til kl. 14.00**

**i perioden 19. august til 6. september 2015.**

### Viktig å vite:

- Du må vera døypt for å vera medlem i Den norske kyrkja.
- Ungdom har stemmerett i Kyrkjevalet frå året dei fyller 15.

### Råda

Arbeidet til soknerådet og bispedømerådet spenner over mange tema. Det kan vere barne- og ungdomsarbeid, juss og økonomiforvaltning, tilsetjingar, gudstenester, miljø og rettferd, omsorg, musikk og misjon. Råda skal sørge for vekst og næring til kyrkja og lokalsamfunnet der du bur.

Fyrste veka i august får alle medlemene i Den norske kyrkja eit valkort og ein brosjyre om valet. Følg med i postkassa, møte opp og stem!

### Kandidatliste til Bruflat sokneråd

Ved val til sokneråd i Bruflat sokn er det ei godkjent valliste: Nominasjonskomiteens liste. Valet blir gjenomført som fleirtalsval.

#### 1. Magnhild Irene Claudius (1985)



2. Kjell Jørgen Fjeld (1946)



8. Grethe Nysveen Bjørnødegård (1958)



3. Torill N. Stubbene (1949)



9. Turid Fossen Nysveen (1951)




4. Ronald Kyrre Rasmussen (1945)



10. Signe Marit Jørانli (1946)



5. Laila Stenseth (1964)



11. Elin Helene (Tutta) Solberg (1942)



6. Ingun Kompen (1946)



12. Torunn Fredriksen (1984)



7. Svein Erik Slåttsveen (1961)



13. Anne Lise Bratteng (1944)



**Kandidatliste til Nord- Etnedal sokneråd**

Ved val til sokneråd i Nord- Etnedal sokn er det ei godkjent valliste: Nominasjonskomiteens liste. Valet blir gjennomført som fleirtalsval.

1. Steinar Stenseth (1966)



2. Jorunn Bergsbakken (1972)



3. Oddbjørg Løvlie Hagaseth (1960)



4. Anders Grønbekk (1953)



5. Kari Skogstad (1979)



6. May- Britt Iversen Steine (1984)




7. Torodd Grønbekk (1957)



8. Elin Hestekind (1982)



9. Svein Grønbekk (1962)





Hamarbenken, arkivbilde fra kyrkjemøtet

## BISPEDØMMERÅDSVALET

### Kandidatlister til

#### **Hamar bispedømmeråd/ Kirkemøtet**

Ved årets kyrkjeval er det 3 lister til val av leke medlemmer til bispedømmeråd/Kirkemøtet - Bønnelista, Nominasjonskomitéens liste og lista fra Åpen folkekirke. Valet blir gjennomført som forholdstalsval.

#### **Bønnelista**

1. Trond Rønning, Elverum (1965)
2. Kari Espås Drogseth, Snertingdal (1956)
3. Hilde Karin Moe, Jevnaker (1964)
4. Filip Hovland, Hunndalen (2000)
5. Vidar Haugen, Åsnes Finnskog (1955)
6. Karin Helga Brustuen, Øyer (1953)
7. Hallvard Vatnar Olsen, Arneberg (2001)

#### **Nominasjonskomiteens liste**

1. Inger Kragh Nyhus, Kapp, Toten (1961)
2. Trond Enemo, Stange (1975)
3. Iselin Vistekleiven, Vågå (1983)
4. Bjørn Tore Grutle, Tynset (1958)
5. Elin Gravdal Øvrebotten, Jaren (1957)
6. Solveig Brekke Skard, Brumunddal (1951)
7. Per Anders Håvelsrød, Dovre (1998)
8. Reidar Åsgård, Engerdal (1943)
9. Sidsel Offergaard Jevne, Ryfoss (1950)
10. Toril Kristiansen, Gjøvik (1961)
11. Gunder Nordgården, Gausdal (1996)
12. Alf Bjørge N. Aschim, Hamar (1971)
13. Amalie Myrvang Lund, Engerdal (1994)
14. Torstein Lerhol, Vang i Valdres (1986)

#### **Åpen folkekirkes liste**

1. Gunhild Tomter Alstad, Hamar (1974)
2. Finn Ragnvald Huseby, Elverum (1949)
3. Lisbeth Sydbøge, Gjøvik (1969)
4. Lars Erik Flatø, Brandbu (1964)
5. Kristin Storbråten Stadsvold, Dokka (1995)
6. Marta Bjørnøy Lalim, Vang i Valdres (1986)
7. Ivar Bae, Brumunddal (1956)
8. Frøydis Angard Ulateig, Lillehammer (1971)
9. Njål Slettemark Fosker, Nord-Odal (1969)
10. Borgny Skansen Sletten, Vinstra (1974)
11. Trond Gellein Løkken, Tolga (1974)
12. Christin Caroline Munkebye Aarnes, Lesja (1961)
13. Sander Vestby, Hov i Land (2001)
14. Kjersti Drtina Øversveen, Elverum (1965)
15. Håkon Gulliksen Furuset Karlstad, Skreia (1999)
16. Hege Bjerkestrand Midthun, Elverum (1972)
17. Lars Erik Hyllvang, Engerdal (1968)
18. Ole Midthun, Hamar (1995)

Les meir om kandidatane til vala på  
[www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no)

Di stemme er med på å bevare Den norske kyrkja som den største demokratiske medlemsorganisasjonen i landet.

Godt val!

# KONFIRMANTANE

Glimt frå turen til Oslo...

## ... og festsamværet etter samtalegudstenesta

16.mai var konfirmantane i Oslo. Programmet er tett dei få timane vi er i hovedstaden, men vi rekk litt fritid også.

Vi starta med besøk på Norsk Luthersk Misjons-samband sitt skule- og administrasjonssenter, Fjellhaug på Sinsen, der vi fekk god innføring i kva den største misjonsorganisasjonen i Noreg syslar med. Dei har eit stort arbeid i mange land, både i Asia, Afrika og Sør-Amerika. Dessutan har dei barnehagar, skular, leirstadar og mang forsamlingshus spreidd over vårt eige land.

Ernst Jan Halsne og Rune Mjølhus fortalte om kva misjon er, og Rune som har vore misjonær i Afrika i mange år, sa at dei ynskte å presentere Jesus der dei er. Med ord, men mest med måten dei lever på, så menneske kan bli kjende med Herren, slik at dei sjølve kan velje om dei vil tru på han.

Etter gode spørsmål og samtale, reiste vi vidare.



Anne Cath. Fischer, trufast omvisar i synagogen, foran etnedalskonfirmantane.

**Neste stopp var den jødiske synagogen i Bergstien**  
Vi har det gamle testamente felles med jødedomen. Torah, dei fem mosebøkene er jødane sine mest heilage bøker, og det er eit stort Torah-skåp sentralt i synagogen.

I jødedomen har vi kristne våre djupaste religiøse røter. Jesus var også jøde, han syntet si samtid den raude tråden gjennom jødane si historie og heilage bøker, der fotavtrykka hans er tydelege, både i profetbøkene og i den andre gammeltestamentlege litteraturen.

Anne Cath. Fischer fortalte levande om jødedo-

men, høgtider, ritual og skikkar. Synagogen i Oslo er ortodoks, det vil seie, mellom dei strengaste når det gjeld forhold til levereglar, og det er vegleiring ned til dei minste detaljer i livet, også i matvegen. Men i synagogefellesskapet er det stor friheit, og ved sida av dei heilage bøkene i bøneskåpa (ved kvart stolsete) finnst det ofte også litt sjokolade til barna.

Og ved sabbatsmåltidet, i heimane når sabbaten tek til, (fredag kveld, ved solnedgang) samlast storfamilien til fest og glede. Mange vil meine at nett denne spesielle samlinga kvar veke, har vore sentral for å bevare den jødiske identiteten gjennom alle hundreåra dei har vore spreidd over heile verda.

Det mindre trivelege er at jødane også i Noreg, må ha strenge sikkerheitstiltak rundt gudshuset sitt, så vi opplevde også i år uniformerte politibiler og eige vaktrom i synagogen.

På sørlege ytterveggen i synagogen lyser mange, mange små lamper, til minne om de 530 jødane som vart deportert til Tyskland under andre verdskrig. Berre 25 kom att, resten endte sine liv i det store holocaust, i gasskamra til nazistane. Det finnster stemmer i dag som fornekta at dette har funne stad. Omvisaren vår, Anne Cath. Fischer kunne fortelje om fleire i henhar familie som vart deportert og aldri kom heim att.

## Vår Frelsers gravlund

Frå synagogen gjekk konfirmantfylgjet vidare til Henrik Wergeland si grav på Vår Frelsers gravlund.

Diktaren Wergeland, vart fødd i Kristiansand i 1808. Han var berre 6 år då grunnlova vart skrive. Far hans, Nikolai Wergeland var ein av «Eidsvollsmennene» og prest på Eidsvold i 1814. Ein av paragrafane i grunnlova nekta jødar adgang til Det norske riket.

Henrik Wergeland var ein av dei som såg den store urettferda i dette. Han kjempa heile livet for jødane sine rettar, men døydde berre 37 år gammal, fjorten år før jødeparagrafen vart oppheva. Han skreiv mellom anna verket «Jødinnnen».

Tidleg om morgonen kvar 17. mai legg den jødiske ungdomsorganisasjonen i Noreg ned ein krans på Henrik Wergelands grav.



*Konfirmantane, pluss tre andre frå 9. klasse, samla ved Henrik Wergelands grav*



*Diktlesing ved Klara Månum og konfirmantane i Nord-Etnedal*

### **Oslo domkyrkje**

Etter eit frislepp i byen, møttest flokken att i Oslo domirke, der vi var med på ei kort gudsteneste ved Sølvaltaret.

Godt å sitte ned i ei stille kyrkje etter eit innhaldsrikt dagsprogram.

Hjarteleg takk til Ingun Kompen og Solveig Skåren som var med oss til Oslo, og

til vår gode sjåfør Anders Lunde og Etnedal bilruter, for god service!

Marit prest

### **Festsamvær etter samtalegudstenesta**

Nord-Etnedal sokneråd var vertskap for ein triveleg fest.

Det vart servert rummegraut og spekemat pluss blautkake til kaffen.

Steinar Stenseth leia festen, Klara Månum og konfirmantane frå Nord-Etnedal, Malin Månum og Elias Månum Esp las dikt om kyrkja, og før kaffen var det bibelkviss ved Marit prest. Marit Lund sang akkompagnert av Serhiy Bykov, som også spelte til fleire fellessongar.



*Konfirmantar (og andre) engasjert i bibelkviss med Marit prest*

**Etnedal kommune**

- Minst og best -

**Kommune-info**  
Sjå også Etnedal kommunenes hjemmeside [www.etnedal.kommune.no](http://www.etnedal.kommune.no), og Etnedal kommunenes face-book-side

## BESØKSTJENESTEN I ETNEDAL

Besøksvenn er et tilbud til de som av ulike grunner ønsker mer kontakt med andre mennesker. Røde kors Besøksvenner bidrar til å gjøre hverdagen lettere for ensomme i alle aldre.

Mange mennesker i Norge savner en fortrolig venn. Ensomheten kjenner ingen alder, og det finnes mange ensomme blant både eldre og yngre. Røde Kors Besøkstjeneste bidrar til å gjøre hverdagen lettere for flere av dem.

Besøksvennen, og den som får besøk, bestemmer sammen hva de skal gjøre. De går turer, deltar på andre sosiale aktiviteter, eller bare treffes for en prat. Den ukentlige kaffekoppen med en besøksvenn, er en verdi som vanskelig lar seg beskrive eller måle.

I Etnedal er besøkstjenesten et samarbeid mellom Røde Kors, Frivilligsentralen og Etnedal Kommune. Vi har besøksvenner i ulik alder, og av begge kjønn.

For de som måtte ønske en besøksvenn, kontakt Kari Skogstad, tlf. 92132438 mail post@etnedal.frivilligsentral.no eller Tine Bjørnødegård, tlf. 94142875 mail t.bjornodegard@etnedal.kommune.no .

Fra venstre: Thor Vegard Woxen Røde Kors, Besøksvenner – Karl Tonny Kvernmo, Kåre og Solveig Johansen, Ove Bergene, Kristen Hagaseth. Foran fra venstre Tine Bjørnødegård – rep. for kommunen og Kari Skogstad – Frivilligsentralen. Solfrid Skogstad, Ingun Kompen og Ingebjørg Storsveen er ikke med på bildet.

Røde Kors

FRIVILLIG  
SENTRAL

Ved en feil stod det i forrige nummer at disse gavene ble gitt til Hjemmesykepleien.  
Det rette er Etnedalsheimen. Vi beklager! Red.

Hjertelig takk for pengegaven, som ble gitt ved Engebret Espeseth sin begravelse.

Hilsen Etnedalsheimen

Hjertelig takk for pengegaven, som ble gitt ved Magnar Øyen sin begravelse.

Hilsen Etnedalsheimen

Hjertelig takk for pengegaven, som ble gitt ved Olaug Marit Byfuglien sin begravelse.

Hilsen Etnedalsheimen

Hjertelig takk for pengegaven, som ble gitt ved Ole A. Robøle sin begravelse.

Hilsen Etnedalsheimen

Hjertelig takk for pengegaven, som ble gitt ved Nelly Westli sin begravelse.

Hilsen Etnedalsheimen

**Etnedal kommune**

**- Minst og best -**

## Kommunestyre- og fylkestings-valget 2019

**VALG**

**Valgdager:**  
Valgdagen for kommunestyre- og fylkestingsvalget 2019 er fastsatt til mandag 9. september 2019. Etnedal kommunestyre har vedtatt at det i Etnedal også skal være valgdag søndag 8. september.  
Det er en stemmekrets i Etnedal og stemmegivning på valgdagene foregår i Etnedalshallen.

**Åpningstider:**  
Søndag kl.13.00 – kl.18.00  
Mandag kl.11.00 – kl.18.00

**Valglister:**  
Valgstyret har godkjent følgende valglister til kommunestyrevalget:  
Arbeiderpartiet  
Folklista for Etnedal  
Fremskrittspartiet  
Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre  
Senterpartiet

Valglistene er utlagt på kommunenes hjemmeside, [www.etnedal.kommune.no](http://www.etnedal.kommune.no), og på servicekontoret

**Valgkort:**  
Alle velgere får tilsendt valgkort. Du trenger ikke valgkortet for å stemme, men det går raskere for deg å stemme dersom du tar det med.

**Ordinær forhåndsstemmegivning**  
Mandag 12. august starter den ordinære forhåndsstemmegivningen. Du kan forhåndsstemme fram til og med fredag 6. september.  
Du kan ikke stemme på nytt på valgdagen hvis du har forhåndsstemt. Du kan heller ikke forhåndsstemme flere ganger. Forhåndsstemmingen foregår på servicekontoret i tidsrommet fra kl.08.00 – kl.15.30.  
Ta med valgkort og legitimasjon!

**Institusjonsvalg:**  
Det avholdes forhåndsstemmegivning på Etnedalsheimen tirsdag 3. september fra kl.11.00 – 13.00.


**Hjemmestemming:**  
Syke og uføre kan avgive forhåndsstemme der de oppholder seg. Fristen for å be om hjemmestemming er tirsdag 3. september kl.11.00. Henv. valgstyrets sekretær på tlf. 61 12 13 02

**Tidligststemmegivning**  
Du kan stemme fra 1. juli dersom du ikke har mulighet til å stemme innenfor den ordinære perioden for forhåndsstemmegivning, og heller ikke på valgdagen. I perioden 1. juli til og med 9. august må du da henvende deg til kommunen og avtale tid for å stemme. Du trenger ikke valgkort, men ta med legitimasjon.

**Utleggning av manntall:**  
Manntallet legges ut til offentlig ettersyn så snart det lar seg gjøre, etter 30. juni og til og med valgdagen 9. september. Manntallet blir lagt ut på servicekontoret på Bruflat.



*Arkivfoto: Hans Kvedalen, Anne Lise Fjeld og Anne Korsvoll i stummelokalet på Skogtun.*



**27. – 28. juli**  
Som tidligere annonseret går årets Etnedalsdagar av stabelen helga 27. og 28.juli.  
Det er Etnedal skilag som er arrangører, og det blir et variert og underholdende program for både store og små.  
Lørdag få vi blant annet besøk av illusionist Christian Wedøy, kjent fra Newton og Norske Talenter, og det blir en uformell sangkonkurranse med folkejury og premiering.  
Søndag blir det allsang og ønskekonsert med "storlygar" Odd Arne Halaas.  
Begge dager blir det selvfølgelig også innslag av lokale musikere, hesteskokasting, taugdraging og andre aktiviteter for alle aldre.  
Sentralt i arrangementet står som alltid den varierte og tradisjonelle håndverksutstillingen.  
Vi håper at mange tar turen til Etnedalshallen denne siste helga i juli!

 **Etnedal  
kommune**

- Minst og best -

## Etnedalshelg på Valdres Folkemuseum 20. og 21. juli

Museet ynskjer oss velkomne til å bruke Etnedalhusa også i sommar.

Det er triveleg og interessant å laga litt liv der både for oss og turistar som besøkjer museet - korteste og langvegsfarande.

**God mat – lokalt handverk – laga eller reparert  
frå «gamle dagar»?**

Vi reknar med å ha med oss folk som lagar god mat, og handverkarar av alle slag er velkomne. Vi kjenner til mange med interessante prosjekt, og turistane har gjerne nokre kroner dei vil bruke på lokalt handverk!

Er det ikkje etnedals-karar som kan vise noko som vart laga eller reparert i “gamle dagar”?

Vi håpar at Seniordansen greier å stille mange nok til vera med ein dag, og store og små som kan underhalde på ulike vis er noko vi ynskjer oss.

Ta kontakt med Ingun Kompen om du kan vera med ein eller begge dagar (ikompen@hotmail.com).

  
*Kristen Nysveen imponerer på stylter når han er på museet.*

  
*Tutta Solberg har “i alle år” vore med på Etnedalsdagane på museet med sine produkt.*

  
*Vebjørg Bachér hadde ein triveleg dag i dalestova med blide gjester.*

**Sommersymfonien**



*Ernst Simon  
Glaser*



*Guro Kleven  
Hagen*



*Eivind  
Holtmark*

Arrangementet i årets minste konsertlokale finner sted på Breie gård. Det står mye norsk musikk på programmet. Noen av komponistene er kanskje dine venner allerede, og hvis ikke, blir de det kanskje etter denne konserten? Johan Kvandals datter, Sylvelin Valestrand, kommer til konserten og forteller om sin far. Til slutt får vi høre musikk av selveste Wolfgang Amadeus Mozart - den komponisten som trolig er mest kjent og kjær for folk over hele verden.

Onsdag 26. juni kl. 20.00  
 Breie gård, Etnedal  
 Alle billettar er utsolgt

## KULTURSKULEN

Det er ledige plassar i kulturskulen. Viss nokon er interessert i tilbod i kulturskulen, ta kontakt med rektor, Bente Hemsing (tlf 971 52 445) eller gå inn på <https://noetnedal.speedadmin.dk/tilmelding>



## Grendegudstenester



det konfirmasjon i Nord-Etnedal 1. pinsedag , så 2. dagsmessa vart lagt til Bruflat.

Hyggeleg kontakt med husstyreleiar Steingrim Hestekind i vinter, resulterte raskt i ein ny dato, og Ingebjørg Storsveen ( også medlem av husstyret) tok vel imot oss då vi kom.



Forsamlinga på Brusveen grendehus mot slutten av gudstenesta.



Kaffeserveringa resulterte i mange trivelege samtalar. Aslaug Fauske og Ingebjørg Storsveen var ansvarlege for dei gode kakene.

19. mai var det gudsteneste på Brusveen, det gamle skulehuset i Smiugardsbygda. Dei har take godt vare på huset folket aust i bygden, så det framstår som ein triveleg ein god samlingsplass.

Vanlegvis er det gudsteneste der 2. pinsedag, men dette året var

### I Svilosen Kristi himmelfartsdag



Sigrun og  
Kåre Espeseth

Også dette året opna Sigrun og Kåre Espeseth gjestmildt dørene, til tradisjonsrik gudsteneste oppi åsen på Kristi himmelfartsdag.

Nær tretti hadde funne vegen til Blesen, og det var god sang i stovene då det til innleiring vart sunge, himlen blåner for vårt auge, av Einar Skjæraasen.

Bodskapen om Jesu himmelfart vart formidla i ramma av dagens tekst, som var henta frå dei fyreste versa i Joh. 17. Teksten innehold bolken vi gjerne kjenner som Jesu øvsteprestlege bøn, og kjem, i etterkant av Jesu avskiltstale (Joh. 14-16) til læresveinane.

Etter gudstenesta serverte Sigrun, med god hjelp frå fleire, kaffe med mykje attåt.



Ein del av forsamlinga på Blesen

Frå heimesida til Den norske kyrkja - [www.kirken.no](http://www.kirken.no)

## Pinse

Pinsen er den tredje av de store kristne høytidene. Den regnes også som kirkens fødselsdag, for i pinsen kommer Den hellige ånd til disiplene og gir dem styrke og ord slik at de nå kan gå og fortelle om Jesus. Det blir begynnelsen for de kristne menighetene, og dermed for hele den kristne kirke.

Pinse kommer fra det greske ordet for femti, pentekoste, fordi den kommer 50 dager etter påsken. Opprinnelig var pinsen en jødisk høstfest, som står omtalt i Det gamle testamentet, blant annet i 5. Mosebok 16,9-12. Den jødiske pinsen kalles også kornhøstfesten og er en av de tre jødiske valfartsfester. Jøder fra alle deler av verden strømmet da til Jerusalem for å delta i pinsefeiringen ved tempelet.

### Jesus lover en talsmann

Pinsen er også en kristen høytid, og bakgrunnen for den kan man lese om i Apostlenes gjerninger kap. 2: Det har gått 50 dager siden påske, da Jesus på langfredag ble korsfestet og gravlagt, og på påskedagen stod opp igjen fra de døde. På Kristi himmelfartsdag ble Jesus tatt opp til himmelen, men før Jesus tok avskjed med disiplene lovet han dem at de ville få en talsmann som kunne tale på deres vegne. Denne talsmannen er Den hellige ånd (Johannesevangeliet kap. 14,16-31).

### Den hellige ånd kommer

Like etter at Jesus har blitt tatt opp til himmelen er disiplene alene, og da den jødiske pinsefeiringen pågår er de samlet i et hus i Jerusalem. Plutselig fylles huset av noe som likner et kraftig vindkast og ildtunger setter seg på disiplene.

På denne måten beskriver Lukas hvordan Den hellige ånd fyller disiplene og rører ved dem, gjør dem brennende og levende, slik at de plutselig kan snakke alle verdens språk. Jerusalem var i pinsen samlingssted for jøder fra hele verden, og med ett kan de tilreisende fra Egypt, Libya, Roma - og alle andre deler av verden - forstå hva disiplene sier.


### Peters preken

Disippelen Peter holder da en tale. Han snakker om Jesus og om hvordan han har stått opp fra de døde (Apostlenes gjerninger kap. 2,14-36). Etter talen fortelles det at omlag tre tusen mennesker begynner å tro at Jesus er Guds Sønn. De blir døpt og de blir til den første kristne kirke (Apostlenes gjerninger kap. 2,37-47). Det er grunnen til at pinsen også kalles for kirkens fødselsdag.

### Pinsens betydning

Pinsen er den tredje av de store kristne høytider og kanskje den det er vanskeligst å forstå. For hva betyr Den hellige ånd, og hva innebærer det at den kommer til verden? Et barn i krybben på julenatten og den tomme graven på påskemorgen er det gjerne enklere å forholde seg til.

Den hellige ånd er først og fremst et uttrykk for Guds nærvær. Selv om Jesus ikke lenger er på jorden er Gud fortsatt helt nær menneskene gjennom Den hellige ånd. Den er Guds kraft og det som gir liv til kirken og de kristne. Den hellige ånd er også den talspersonen som Jesus lovet disiplene, og som gjorde at de nå kunne fortelle om Jesus og hans oppstandelse for alle mennesker, både i Jerusalem og over hele verden.



Pinseunderet:  
Gjengivelse fra  
middelalder-  
manuskriptet  
*Hortus delicarum*  
av Herradis  
*Landsbergensis*  
(1100-tallet)

## Dåp



Isabel Huset Fjeld vart døypt i Bruflat kyrkje 21. april, 1. Påskedag. Frå venstre; fadrane Celine Høyne Fjeld, Camilla Høyne Fjeld, storebror Niklas, foreldra Bjørnar Fjeld og Jeanette Huset med dåpsbarnet, storesyster Andrine og fadrane Barbro Espelien, Ann Tonje Huset og Heidi Jørnli Bratlien.



Solveig Tresselt vart døypt i Bruflat kyrkje 26. mai. Frå venstre: Fadrane Carina Weamyhr og Tia Kristine Karlsen, foreldra Line Tresselt og Frode Kleven med dåpsbarnet, Marit prest og faddar Irene Kleven



Erlend Nikolai Berg og Åsa Petra Magdalena Granstrøm vart vigde i Bruflat kyrkje  
19. januar 2019

## Dikt av Roar Strand

### Dei stillfarne

Det var dei stillfarne som bygde landet  
Med trufaste arbeidshender og pågangsmot.  
Dei bøygde nakken, men ikkje vilja  
For den rann ut frå djupast rot.  
I slit og strev for heim og føda,  
For svoltne munnar som mettas mått.  
Dei brøyta veg for nye tida,  
og gav oss meir enn me har forstått.

### Del av livet

Sett namn på dei namnlause dagar.  
Ta dei til sides og kjenn dei er dine.  
Brått vert du rik når du ser,  
dei er ein del av livet.

## Konfirmantane 2019



Foran: Karoline Stubbene, Jeanett Korsvoll, Malin Månum

Bak: Tim Carmelo Cano Hestekind, Elias Månum Esp, Emil Øybakk Elg Fossum, Andreas Øybakk Øvrebo, Tor Eirik Eide Stubbene.

# Så grønn en drakt Slekters gang



Så grønn en drakt, så rik en duft  
har smykket dal og enger!  
Nå strykes ømt av lys og luft  
de fagre urtesenger.  
Hør lundens sus og bekvens brus  
forkynne hva som kommer:  
Omsider blir det sommer!

Sin lykke, fred og sommerfryd  
må yre fuglerprise.  
I mark og skog fra nord til syd  
de jubler frem sin vise.  
Hør håpets klang i deres sang,  
i hymnen de lar kvede  
fra blomstereng og rede.

Men du, o Gud, som gjør vår jord  
så skjønn i slike stunder,  
gi at jeg akter mest ditt ord  
og nådens store under!  
Som blomst og løv blir muld og stov,  
skal vi og verden fare,  
men Herrens miskunn være.

Alt kjød er gress og flyktighet  
det tærer fort av elde.  
Kun du, Treenig majestet,  
er evig i din velde!  
Med sjel og kropp skal jeg stå opp  
og blomstre i ditt rike,  
når denne jord må vike.

La falme verdens prakt og glans,  
la all dens lyst forsvinne.  
Min venn er min, og jeg er hans,  
vår kjærlighet skal vinne!  
Så syng det ut: Snart skaper Gud  
en sommer uten make  
og gir oss alt tilbake!

## DØYPTE



### Bruflat sokn

Isabel Huset Fjeld  
Solveig Tresselt Kleven

21. april (1. påskedag)  
26. mai

## VIGDE



### Nord-Etnedal sokn

Mathilde Fjellvik Jacobsen og  
Rolf Christoffer Blaasvær 9. mars

## DØDE



### Bruflat sokn

Veikko Johannes Kettunen

Else Lunde

Reidun Vik (Gravlagd i Brummundal)

Oddvin Strand

Odd Espeseth

Signe Kristine Johansen

### Nord-Etnedal sokn

Randi Maanum

# VEL MØTT TIL GUDSTENESTE



## 7. juli – 4. søndag i treenighetstida

*Preiketekst: Matt. 9, 35-38*

- kl. 1900 Bruflat kyrkje. Nattverd.  
Takkoffer til NKSS- Norges kristne student- og skoleungdomslag

## 14. juli – Inga gudsteneste

### 21. juli

- kl. 12.00 Flæo, hos Solfrid og Sigurd Skogstad.  
Odd Tomter talar.  
Misjonsstemne,  
Norsk Luthersk Misjonssamband.

## 28. juli – 7. søndag i treenighetstida

*Preiketekst: Mark. 5, 25-34*

- kl. 11.00 Etnedal Samfunnshus,  
Etnedalsdagane 2019  
Bruflat sangkor deltek.

## 4. august - 8. søndag i treenighetstida

*Preiketekst: Mark. 12, 28-34*

- kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje.  
Nattverd. Takkoffer til IKO.

## 11. august – Inga gudsteneste

## 18. august – 10. søndag i treenighetstida

*Preiketekst: Mark. 11, 25-26*

- kl. 11.00 Bruflat kyrkje.  
«Fyrsteklasses gudsteneste med  
utdeling av 4- og 6- årsbøker .  
Takkoffer til IKO

## 25. august – 11. søndag i treenighetstida

*Preiketekst: Joh. 8, 31-36*

- kl. 13.00 N. Tangen hos Turid og  
Roger Byfuglien.  
Stølsmesse.  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

## 1. september – 12. søndag i treenighetstida

*Preiketekst: Joh. 4, 27-30.39-43*

- kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Normisjonsdag.  
Nattverd. Randi Buflaten taler.  
Gjenbruksmusikken deltek.  
Takkoffer til Normisjon.

## 8. september – 13. søndag i treenighetstida

*Preiketekst: Ap.gj. 6,1-7*

- kl. 11.00 Bruflat kyrkje.  
50-års konfirmantjubileum. Nattverd.  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- kl. 15.00 Nord-Etnedal kyrkje.  
Vandring fra Kyrkjesletta kl. 11.  
Prost Carl Philip Weisser.  
Utdeling av bøker til 4- og 6-åringhar.  
Takkoffer til Stefanusstiftelsen.

## 15. september – Inga gudsteneste

## 22. september – 15. søndag i treenighetstida

*Preiketekst: Joh. 15, 9-12*

- kl. 11.00 Bruflat kyrkje.  
Nattverd.  
Takkoffer til Norsk Lærerakademi

## 29. september – 16. søndag i treenighetstida

*Preiketekst: Matt. 11, 16-19*

- kl. 16.00 Nord-Etnedal kyrkje.  
50-årskonfirmantjubileum. Nattverd.  
Takkoffer til TV-aksjonen.

Med etterhald om evt. endringar.

Gudstenestene blir kunngjort i avis «Valdres».

## Gudsteneste på Etnedalsdagane

Søndag 28. juli kl. 11  
på utescena ved Samfunnshuset.

Bruflat sangkor deltek, og det  
blir ord for dagen ved underteikna.

Vi bed om forståing for at de må betale  
inngangspengar for å kome inn  
på Etnedalsdagane.

Marit prest

# **Den prektig kledde sommerfugl**

*Den prektige sommerfugl  
er fløyet fra Guds hånd.  
Han gav den gylne vinger  
og røde purpurbånd.*

*Han lærte den å flyve høyt,  
høyere enn jeg er.  
Den har nok fuglens lyster,  
men ei dens dun og fjær.*

*Og alle verdens mennesker  
og alle kongebud  
ei gjøre kan en sommerfugl.  
Det kan alene Gud.*



Det er påvist meir enn 2200 artar av sommarfuglar i Noreg.  
Mange er fargerike og fine, slik som dagsommarfuglane,  
men over 80 % av sommarfuglane vi har her i landet er nattaktive.

Desse fargerike skapningane bringer bod om sommar, og er forbunde med glede.

Sommerfuglen vart tidleg i kyrkja si historie brukt som symbol på  
livet og håpet, med utgangspunkt i Jesu Kristi oppstode,  
sjølve fundamentet i vår kristne tru.